

Referat: Nasjonalt fagråd for digitale og kreative fag (NFDK), Rådsmøte 1/2022

Dato: 03/02-21 kl. 13-14.05

Stad: Zoom

Til stade:

Namn	Organisasjon
Ernst Sundt	Noroff/FFF
Aranya Ruste	Kristiania/FFF
Henning Starholm Steen (frå klokken 14.00)	TietoEvry/NHO Abelia
Jan Helge Viste	GCE Node
Kolbjørn Hoseth Larssen	Nordland fagskole /RFF
Cathrine von Porat	Dig-dir (observatør)
Cathrine Stien	DigIn
Alf Furland	RFF

Forfall:

Mathias Hilland	ONF
-----------------	-----

Frå sekretariatet: Margareth Haukås, HK-dir

Møteleiar: Ernst Sundt

Referent: Margareth Haukås

Gjester:

O-03/22 Innspel til piloten Senter for framifrå utdanning v/Carl Endre Espeland

A. Møteinnkalling - godkjent

B. Dagsorden – godkjent

C. Referat frå rådsmøte 3/2021, 25.11.2021 – godkjent med følgjande endring:

Leiarvervet vekslar mellom arbeidsgivar- og arbeidstakarorganisasjon, nestleiarvervet vekslar mellom privat og offentleg tilbyder.

O-1/22 Nytt rundt bordet

I RFF-møte har forhold fagrådene vore ei sak. RFF er positiv til dei nye fagråda og leiarane burde etablere eit møteforum, enten fysisk eller på nett, for å utveksle erfaring.

Epic games har lansert et stort senter for samansmelting mellom film, spill, arkitektur og kunst, saman med eit firma frå Bergen. Det blir spennande å følge arbeidet og korleis dette kan gjerast tilgjengeleg for fleire og auke samfunnsengasjementet.

Forskning viser at reine forelesingar er lite egna for læring. Det er lite forskning på å utvikle undervisningsmetodar som er effektive, kanskje kan gameification auke læringsutbytte.

Ein del av mandatet er å synleggjere høgare yrkesfagleg utdanning. Fagrådet bør jobbe vidare med bevisstgjerings og verdien av utdanninga.

V-2/22 Høyringsvar mandat

Vedtak: Fagrådet, ved Ernst og Linda, samanfattar innspel, deler på teams for innspel og sender inn eit høyringsvar innan fristen.

O-3/22 Innspel til piloten Senter for fremragende yrkesfagleg utdanning

Carl Endre frå HK-dir orienterte om pilotordninga. Direktoratet er i gong med utlysing og målformulering. Ein ekstern komité skal vurdere senterøknadar og målet er tildeling i mai. No er det fokus på kva dette skal bli og kva sektoren treng. Det skal opprettast to senter, for to ulike fagområde, varigheit rundt 3-5 år, men moglegheit for å forlenga med 3-5 år.

Innspel i møte:

- Det er stort behov for IT kompetanse i framtida. Bør sentera gjenspeile behovet for framtidig kompetanse (IT, batteri, grønne skiftet)?
- Senteret bør legge til rette for lærings- og delingsmoglegheiter, i tillegg til å teste ut nye modellar på ein samfunnsakseptert måte. For å danne kunnskapsgrunnlag for vidare utvikling.
- Senteret bør legge til rette for framtidsretta næringslivsinkludering og framtidsretta læringsmoglegheiter i bedrifter og moglegheit for å teste ut ein tilpassingsmodul mellom næringsliv og senter.
- Livslang læring, tverrfagleg fokus og grensa mellom yrkesutdanning og akademisk utdanning er også viktige stikkord. I tillegg til korleis andre fagskular skal kunne dra nytte av kva som skjer på senteret.

Fagrådet sender innspel innan frist.

O-4/22 Avgrensingsamtalane med dei andre fagråda

Dei ulike kontaktansvarlege sender tentativ møtedato til Ernst, dato bør være klart i løpet av våren. Presentasjon ligger i Teamkanalen – presentasjon inneheld spørsmål som skal stilles. Medlemmene oppfordrast til å gje innspel.

D-5/22 Avgrensing og Workshop

Nasjonalt fagskuleråd støttar forslaget om å arrangere eit seminar for dei nasjonale fagråda, hausten 2022. Fagrådet forskyver den planlagde workshopen tentativt til juni. Workshop på campus i Kristiansand er et alternativ. Hk-dir v/ Linda Kjosaa ser på digitale moglegheiter.

D-6/22 Eventuelt

Ernst – har etterlyst namn på representant frå arbeidstakarsida.